

**Notat**Dato: 30.04.2019  
Arkivsak: 2016/8071-3  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Vedk. spørsmål om praktisering av skjønsmessig inntak for elevar med lang reiseveg**

Aud Karin Oen (Sv) har stilt spørsmål om korleis ordninga med skjønsmessig inntak til nærskulen for elevar med lang reiseveg vert praktisert. I den samanhengen var det arrangert eit møte med opplæringsavdelinga, fylkerådmannen, Aud Karin Oen (Sv) og Pål Kårbø (Krf) om problemstillinga 29. januar. Denne meldinga er ei orientering slik at alle politikarane har same informasjon.

Retten til skjønsmessig inntak er regulert i den lokale inntaksforskrifta § 2(3).

*Elevar som får urimeleg lang reisetid, har rett til inntak på nærskulen etter skjønsmessig vurdering. For å få rett til slik vurdering må eleven ha ført opp nærskulen som sitt førsteval. Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt busskorrespondanse overskrid 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.*

Praksis er slik det framgår i inntaksforskrifta at elevar som søker skjønsmessig inntak på grunn av lang reiseveg må ha nærskulen som sitt førsteval. I tillegg må dei innan 1. juni sende eit eige skjema der det går fram at dei søker om skjønsmessig vurdering på grunn av lang reiseveg.

Fylkesrådmannen har sett på om det er mogleg å få lagt inn ein kode/avkryssing for lang reiseveg ved innsøking i Vigo. Vurderinga er at det diverre ikkje var mogleg å gjennomføre dette inneverande år av følgjande årsaker:

1. Inntaket opna 10. januar, det betyr at mange allereie hadde søkt 30. januar. Nokre søkjargrupper har søknadsfrist 1. februar. Fylkesrådmannen vurderte det som uheldig å endre reglane midt i ein inntaksperiode.
2. Den tekniske løysinga som kan tilpassast vil vere dårleg. Det ville truleg resultert i mykje manuelt arbeid i etterkant og vil ikkje tene formålet om å la dei som har reell lang reiseveg få prioritet på nærskulen.

Opplæringsavdelinga arrangerer kvart år samlingar for rådgjevarane ved ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane. På rådgjevarsamlingane vert det informert om retten til skjønsmessig vurdering for ungdom med lang reiseveg. Rutinane er også omtala i inntakskatalogen og på fylkeskommunen sine nettsider.

Prinsippet om eigen søknad om å verte vurdert for inntak til nærskulen på grunn av lang reiseveg er lagt til grunn også for årets inntak.

Fylkesrådmannen har merka seg problemstillinga og vil ta dette med i det vidare arbeidet med nytt inntaksreglement og i utgreiinga av nærskuleprinsippet i Vestland fylkeskommune.